



## STATSMINISTERENS KONTOR

### Pressemelding

---

Nr.: 90/1998  
Dato: 29. mai 1998  
Sperrefrist:

#### **PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM**

Tysdag 2. juni kl. 11.00 svarar statsministeren på ein interpellasjon i Stortinget, frå representanten Kristin Halvorsen, om barn og unge si deltaking i det demokratiske systemet.

Torsdag 4. juni kl. 10.00 tek statsministeren imot den danske utanriksministeren, Niels Helveg Petersen, til samtale på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere.

Fredag 5. juni kl. 13.00 deltek statsministeren i aksjonen "Plant eit tre", i Grønland barnehage, Nordbygata 1 i Oslo. Kl. 14.00 tek han imot Atle Vårvik og Rune Bratseth frå aksjonen Mot Narkotika, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere. Kl. 20.30 talar statsministeren på landsmøtet i Kristeleg Folkeparti sin kvinneorganisasjon, på Hotell Rica Ibsen i Skien. Statsministeren bur på same hotellet, telefon 35 52 49 90 – telefaks 35 52 61 86. Pressekontakt er statssekretær Kari Husøy.

Laurdag 6. juni frå omlag kl. 11.30 deltek statsministeren i ein standsaksjon som Kristeleg Folkeparti har på Liertoppen kjøpesenter i Lier.

Sundag 7. juni kl. 13.00 startar statsministeren mosjonsløpet "Jentebølgen", i Molde. Kl. 14.00 held han tale på Molde stadion, i samband med at forsvarssjef Arne Solli deler ut Deltakarmedaljen til krigsveteranar.

---

Postadresse:  
Postboks 8001 Dep  
0030 OSLO

Kontoradresse:  
Akersgt. 42  
OSLO

Telefon –  
sentralbord:  
22 24 90 90  
Org.nr.:  
972 417 777

Presse- og Info.seksj.  
Telefon: 22 24 40 07  
Telefaks: 22 24 95 03

Statssekretær  
Gunnar Husan  
Telefon: 22 24 40 06  
Privat: 22 49 19 30

Informasjonssjef  
Øivind Østang  
Telefon: 22 24 40 37  
Privat: 22 22 28 01